



SSR - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

ÅRSMELDING 2017



Saman tek vi vare på ressursane

Vi er heldige i SSR!

Renovasjon og miljøtiltak skaper ofte stort engasjement – både positivt og negativt, og vi i SSR er midt oppe i dette kvar dag.

Vi har frå før avskaffa dei gamaldagse omgrepa «søppel» og «boss». Vi arbeider med avfall, som igjen er ressursar som går naturleg tilbake i verdikjeda etter å ha vore innom oss. Ei utfordring vi har, er at mange av brukarane våre ikkje veit kvar avfallet hamnar hen. Nokre trur at vi «brenn alt likevel». Det gjer vi ikkje, sjølv om energiutnytting av ein del av avfallet er ein naturleg del av ressurspyramida. Men, og det er viktig å streke under, mesteparten av avfallet går til materialgjenvinning, ombruk/gjenbruk og etter kvart også til bioenergi.

På nasjonalt nivå har 2017 mediemessig vore prega av problem og konkursar for fleire innleigde private aktørarar. For SSR, som står for det meste i eigenregi, har ikkje dette vore tema. Men vi har stadige utfordringar med at nokre nedstraumsaktørar på nasjonalt nivå kranglar seg i mellom, og at resultatet av dette vanlegvis blir at betingelsane vi får blir stadig svekka og at innsamlingsordningane må endrast. Vonaleg kan nye forskrifter gjere dette «kaoset» mindre merkbart i 2018.

Plast i havet har også vore mykje framme i nyheitsbildet i 2017. SSR er sterkt engasjerte i arbeidet for å redusere denne globale «miljøbomba», både som ein stor aktør innan strandrydding og ikkje minst på informasjonssida. Dette arbeidet vil vi halde fram med vidare!

Vi i SSR er heldige som har fått bygge nye og tidsrette miljøstasjonar både for dei tilsette og for innbyggjarane i kommunane våre. Tilbakemeldingar syner også at dette er noko brukarane set stor pris på.

Vi i SSR er også heldige som har eit viktig samfunnsoppdrag, der vi kvar dag får arbeide med noko som engasjerer dei aller fleste – og som er viktig for alle – både lokalt, nasjonalt og internasjonalt!



Einar Heimdal
dagleg leiar

Takk for at du kjeldesorterer!



INNHALD

Eit hav av plast	s 4
Ny avfallsløysing	s 6
Glimt frå 2017	s 8
Stor utvikling og nye anlegg i SSR	s 12
Avfall per innbyggjar 2017	s 14
Avfallshierarkiet	s 16
Eigarmelding	s 17
Styrets årsmelding og rekneskap	s 22
Revisors beretning	s 33

Eit hav av plast



2017 var året vi verkeleg fekk augene opp for plastproblematikken i havet. Mykje på grunn av kvalen som stranda på Sotra med 30 plastposar i magen. Det globale miljøproblemet vart med eitt svært nært og vi mobiliserte til ryddeaksjonar som aldri før. I Hareid, Ulstein, Herøy og Sande vart det sett rekord med over 50 ryddeaksjonar, og heile 30 tonn med marint avfall vart rydda.

Det er anslått at om lag 8 % av olje-produksjonen i verda går til produksjon av plast. Av den totale plastproduksjonen er det rekna at om lag 10 % eller 28 millionar tonn plast endar opp i havet. Plastforureininga i havet og i strandlinja har dramatiske konsekvensar for fugl, fisk og dyr. Dyr som ferdast langs strendene og søker mat i strandsona kan gå seg fast og døy i tau-, trål- og garnrestar. Dei kan også døy fordi dei har ete plastbitar som flyt i sjøen. Eit anna problem er at plast blir brote ned til mikroplast som blir teken opp av dei minste dyra og dermed kan overførast frå plankton til fisk - og dermed ende på middagstallerkenen vår.

Om plastforureininga held fram som den gjer i dag, vil det vere like mykje plast som fisk i havet i 2050. Det er dessverre lite som tyder på at forureininga vil minke dei neste åra då plastproduksjonen stadig aukar.


Engasjementet for å rydde i 2017, viser at opplysning og kunnskap hjelp. Store delar av verda er ikkje bevisst dette problemet og nyttar framleis havet som avfalldeponi. I Noreg veit vi betre, men framleis er marin forsøpling eit stort miljøproblem også her. Det marine avfallet eig ikkje nasjonalitet og flyt gjerne frå eit kontinent til eit anna, men sanninga er at svært mykje som blir rydda på norske strender har opphav i Noreg.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk har tru på at kunnskapsformidling og ryddeaksjonar har ein langsiktig effekt. Avfallsmengda som vert rydda i vårt område er på tross av rekord «eit sandkorn i Sahara» sett i det store biletet. Men alle dei som er med å rydde ei strand,

dei som høyrer om nokon som har rydda ei strand, dei som har sett brutale bilete og program om plastforureining i havet, vil mest truleg ikkje kaste frå seg noko i naturen igjen. Håpet er at vi gjennom engasjement og tilrettelegging rundt ryddeaksjonar, undervisningsopplegg for barnehagar, skular og andre interessentar og vidare satsing på bibliotekstutstilling og andre arrangement som rettar fokus på problemstillinga, kan nå ut til flest mogleg. Barn og ungdom viser stort engasjement og det er håp.

Engasjement frå privatpersonar aleine er ikkje nok. Plastindustrien veks og vi vil ha store miljøutfordringar i framtida om vi ikkje får iverksett nasjonale og internasjonale lover og tiltak for å redusere forbruk og utslepp av plastavfall.

SSR trur at engasjementet for reint hav vil fortsette, og som eit miljøsekskap med samfunnsansvar og krav til ansvarlegheit, vi vil halde fram med å leggje til rette for ryddeaksjonar og drive kunnskapsformidling.



Takk til alle som engasjerer seg og ryddar ei lokal strand. Det nyttar!

Ny avfallsløysing



Hausten 2018 og våren 2019 blir det innført ei ny avfallsordning for SSR sine abonnentar med innhenting av matavfall/våtorganisk avfall som eigen fraksjon (avfallstype). Det blir utdelt ein eigen dunk til oppsamling av matavfall/våtorganisk avfall som skal tømast kvar 14. dag. Restavfall og papir og plast går då over til å bli henta kvar 4. veke.

Den nye avfallsordninga er eit naturlig ledd i den store utviklinga i avfallsbransjen. Avfallshandtering har endra seg mykje dei siste ti åra. Avfall er ikkje lenger bos, men ressursar til å skape nye material og produkt. Det blir stadig stilt høgare krav til materialgjenvinning av avfall frå EU, og Noreg ligg langt etter desse krava. Miljødirektoratet har også lagt fram eit forslag om lovpålagt kommunal innsamling av matavfall/våtorganisk avfall som eigen fraksjon.

Matavfallet skal bli miljøvenleg drivstoff og gjødsel. Biogassen erstattar andre typar drivstoff som har høgare miljøbelastning. Gjødsla fører fosfor og andre næringsstoff frå mat tilbake til jorda og held dei i krets-løpet. Den erstattar også kunstgjødsel. Å lage biogass og biogjødsel av matavfallet gjer at vi får utnytta ressursane betre enn ved forbrenning.

Matavfallet kan på eit seinare tidspunkt få andre behandlingsmåtar enn å bli sendt til biogassproduksjon. Det vert forska og jobba mykje med korleis matavfallet kan nyttast på best mogleg måte. SSR vil til ei kvar tid vurdere behandlingsmåtar ut i frå gitte rammebetingelsar og dei ulike alternativaso til ei kvar tid finst.

70% av norske husstandar har allereie innsamling av matavfall/våtorganisk avfall, og mange kommunar kjem no etter. Det er sjølvsagt utfordringar med å skulle kjeldesortere, hente inn og etterbehandle stadig fleire avfallsfraksjonar, men vi håper at den nye ordninga vil gjere at vi tek vare på ressursane enda betre og kan halde fram eit godt servicenivå for abonnentane.



Ved å kjeldesortere og gjenvinne matavfall til biogass og biogjødsel får vi utnytta ressursane i avfallet betre enn ved forbrenning.

Glimt frå 2017

Rekordengasjement for strandrydding

Det var eit enormt engasjement for å rydde strender i Hareid, Ulstein, Sande og Herøy i 2017 og det vart samla inn heile 29,74 tonn med marint avfall. Det er nesten seks gongar så mykje som året før!

Det er svært gledeleg at så mange bidreg i miljødugnaden og er med å rydde. SSR har registrert om lag 50 strandryddeaksjonar og i tillegg kjem fleire aksjonar som ikkje er registrert. Både privatpersonar, barnehagar, skular, verksemdar, lag og organisasjonar har vore med på ryddedugnaden.

SSR takkar alle involverte for innsatsen og inviterer til ny dugnad våren 2018!



Elevlar frå Herøy kommune var kjempeflinke strandryddarar!



Ryddeaksjon i Brandal med politisk engasjement frå Høgre og Venstre. Kulturminister Linda Hofstad Helleland var med og rydda.



Populært å lære om renovasjon og miljø!



4. klasse ved Ulstein skule fekk grundig opplæring i kjeldesortering, matvett og problemet med marin forsøpling. Her er dei på besøk hos SSR i Saunesmarka.

Hald Ulstein Reint

22. april 2017 samarbeida Ulstein kommune og SSR om ryddeaksjonen «Hald Ulstein Reint» der vi saman arrangerte ryddedugnad på land og strand.



Hanne Marte Grimstad Sukka og dottera var flittige ryddarar under aksjonen.



Linn frå SSR og Zari og Asbjørg frå Ulstein kommune.

SSR besøkte og fekk besøk av mange skular, barnehagar og grupper i 2017. Heile 17 skuleklasser, 13 barnehagegrupper og 11 grupper med asylsøkjjarar, speidarar og andre, fekk lære meir om kjeldesortering, marin forsøpling, matsvinn og andre aktuelle miljøspørsmål.

SSR reiser ut til skular, barnehagar og andre med tilpassa opplegg alt etter ønskje. Vi har også opplevd stor interesse for å besøkje oss på våre nye miljøstasjonar! Her har dei besøkjande fått sjå korleis miljøstasjonen fungerer i praksis og fått lære meir om kva som skjer med avfallet etter det kjem til våre anlegg. I Saunesmarka har vi også eit flott besøksrom med plass til 35 personar der vi kan vise film og ha undervisningsopplegg og kurs.



Glimt frå 2017

Samarbeid om bibliotekutstilling



Charlotte (RMS), Annette (Fylkebiblioteket), Petter (VØR), Ingeborg (ÅRIM) og Linn (SSR)



Arrangement på Atlanterhavsparken.



Linn (SSR) og Ingeborg (ÅRIM).

SSR, VØR og ÅRIM starta i 2017 eit samarbeid med Fylkesbiblioteket og Runde Miljøsentre om ei vandretstilling om plast i havet. Utstillinga vart utarbeida som ni mini-versjonar av hovudutstillinga som held til på Runde Miljøsentre, og har besøkt mange bibliotek på Sunnmøre. Målet med utstillinga er å rette fokus og auke kunnskap kring det alvorlege og hurtig veksande miljøproblemet med plast i havet. Vandretstillinga vandrar vidare i skulebibliotek i 2018.

Nedgravd avfallsløysing på plass i Fosnavåg sentrum

Våren 2017 vart den fyrste nedgravde avfallsløysinga i Herøy kommune etablert i sentrumsparken i Fosnavåg. Anlegget er i hovudsak laga for bebuarane i burettslag og hus i nærleiken, men kommunen har og ein eigen tank for avfall frå park og camping. Med nedgravd løysing vart avfallsløysinga både meir estetisk, praktisk og funksjonell.

Jan Ove og Geir Ove (SSR) klargjer nedgravd løysing i Fosnavåg.

To heldige vinnarar i Returkartonglotteriet



Berit Lervik frå Herøy kommune og Blåtinden barnehage i Ulstein kommune var begge heldige vinnarar av kr 10.000 i Returkartonglotteriet!

Det er ikkje «Bortkasta»



I 2017 hadde SSR ei kampanje for å auke mengda med kjeldesortert plastemballasje. Kampanjen som var utarbeida i samarbeid med Fantastiske Osberget, fekk mykje merksemd og viste seg å ha god effekt med heile to kilo auke i kjeldesortert plastemballasje per person per år. Lisbeth Sæverud Aksnes på bildet var den heldige vinnaren av kampanjepremien på kr 10.000.



Jon Ove Breivik, Frode Slåttelid, ordførar i Ulstein Knut Erik Engh og Einar Heimdal.

Trufaste tilsette vart heidra

I 2017 vart Jon Ove Breivik og Frode Slåttelid heidra for lang og tru teneste i selskapet. Jon Ove Breivik fekk medaljen for lang og tru teneste, 30 år frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel. Frode Slåttelid fekk gullklokke og KS-Hedersmerke for 25 års tenestetid.



Det skal vere hyggeleg og enkelt
å besøkje miljøstasjonen!

Stor utvikling og nye anlegg i SSR

SSR har dei to siste åra opplevd eit stort løft med tre nye miljøstasjonar og nytt administrasjonsbygg.

Ei svært positiv endring både for kundar og tilsette!



Utbyggerane av Saunesmarka samla for overtaking av bygg.

Miljøstasjonen på Mjølstadneset opna allereie desember 2016, medan miljøstasjonen i Myklebustmyrane og miljøstasjonen og administrasjonsbygget i Saunesmarka opna hausten 2017.

Alle miljøstasjonane er bygd rundt same mal, men varierer i storleik. Miljøstasjonane er kundevenlege og praktiske og er bygde for framtida der stadig meir kjeldesortering og gjenvinning av avfall er gjeldande.

I tillegg til å vere praktiske, er miljøstasjonane også estetiske og innbydande. Det skal vere hyggeleg og enkelt å besøkje miljøstasjonen!

I Saunesmarka er det opna gjenbrukstorg, der ein kan sette frå seg fine ting som andre kan ha nytte og glede av. Vi opplever at dette er eit populært og godt brukt tilbod. Det er gledeleg å sjå at folk flest har blitt flinke å kjøpe og selje brukt. Gjenbruk er

dessutan svært miljøvenleg og bra for lommeboka!

Utbygginga av Saunesmarka held fram i 2018. Omlastingshall for avfall, garasje, vaskeplass og hall for farleg avfall, er dei siste brikkane som skal på plass før SSR sine anlegg er heilt oppdatert, modernisert og klart for framtidas avfallsbransje!



Ordførar i Sande kommune, Dag Vaagen, opnar den nye miljøstasjonen i Myklebustmyrane saman med flinke barnehageborn.



Ein kan gjere mange gode kupp på gjenbrukstorge i Saunesmarka!

KG avfall per innbyggjar 2017



8,83 kg

Treverk
2016: 10 kg



58,33 kg

Papp/papir "Blåduken"
2016: 67 kg



9,34 kg

Plastemballasje
2016: 7,5 kg



10,74 kg

Farleg avfall
2016: 7,4 kg



7,04 kg

Deponi
2016: 3,85 kg



1,1 kg

Dekk
2016: 0,5 kg



149,5 kg

Restavfall "Grønedunken"
2016: 152 kg



1,62 kg

Kompost
2016: 1,6 kg



13,08 kg

Glas- og metallemballasje
2016: 10 kg



0,16 kg

EPS/Isopor
2016: 1 kg



35,55 kg

Grovavfall
2016: 39 kg



8,15 kg

EE-avfall
2016: 8 kg



11,69 kg

Metall
2016: 11 kg



47,71 kg

Grein og hageavfall
2016: 78,5 kg



Avfall per innbyggjar 2017
363 kg

Klede og sko til gjenbruk per innbyggjar

8,95 kg

Nordmenn forbrakar i gjennomsnitt 35 plagg per person per år og minimum-satsen FN har beregna er 8 plagg per person per år. (Kjelde: UFF)

Kjøper du eit brukt klesplagg i staden for eit nytt kvar månad, bidreg du til å spare utslepp av nesten 500 kilo CO₂ i løpet av eitt år. (Kjelde: Fretex)

2016
404 kg

2015
418,39 kg

2014
423,24 kg

FRAKSJON	2017	2016	TYPE GJENVINNING	LEVERT TIL	BRUKT TIL (DØME)
Papp/papir	1467	1669	Material	Norsk Gjenvinning	Avispapir/emballasje
EE-avfall	205	194	Material	Stena	Metall/plastprodukt/energigjenvinning
Plastemballasje	235	188	Material	Grønt Punkt Norge	Plastprodukt
Organisk (kompost)	41	39	Material	Heime komposering	Jord
Glas- og metallemballasje	329	247	Material	Syklus	Emballasje/isolasjon/metall/glas
Metall	294	276	Material	Div. metallreturfirma / Franzefoss	Metall
Farleg avfall	74	47	Material	Franzefoss	Energigjenvinning/glas/metall
EPS	2	22	Material	Norsk gjenvinning	Ny EPS (eks fiskekasser)
Dekk	28	13	Material	Dekketur	Nye dekk/dekkgranulat
Treverk	37		Material	Fleire	
Grein- og hageavfall	1200	1970	Kompost	Eigenregi	Jordforbetningsmiddel
Grovavfall 10%	130*	98*			
Restavfall 20%	639*	762*			
Til materialgjenvinning totalt	4681	5525			
Treverk	182	252	Energigjenvinning	Franzefoss/JKB	Fjernvarme/elektrisitet
Restavfall 80%	3121	3050	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Grovavfall 90%	636	876	Energigjenvinning	Franzefoss/JKB	Fjernvarme/elektrisitet
Farleg avfall	196	139	Energigjenvinning	Franzefoss	Fjernvarme/elektrisitet
Til energigjenvinning totalt	4135	4317*			
Gjenbruk / ombruk	225	166**	Gjenbruk / ombruk	Fretex / UFF / gjenbrukstorg	Gjenbruk / redesign / pussefiller / filleryer
Deponi	177	97	Deponi/energi	Franzefoss	Deponi
Totale mengder	9218	10105			

Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet er ein illustrasjon av dei nasjonale måla for avfall. Det viktigaste, og mest utfordrande målet i samband med avfall, er avfallsreduksjon.



SSR arbeider med avfallsreduksjon gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid som motiverer folk til å handle mindre av det ein ikkje treng, tenkje kvalitet i staden for kvantitet, handle brukt der ein kan og bruke kreativiteten til ombruk og redesign.

Å redusere mengda avfall i eit samfunn med økonomisk vekst og stadig aukande forbruk er ei stor utfordring, men vi ser heldigvis at

forbrukartrendane er i ferd med å endre seg. Vi hadde ein avfallsnedgang på 41 kilo per person frå 2016 til 2017. Heile 8,8 %. Dette er ei svært positiv utvikling som vi håper vil fortsette i åra som kjem!

For å unngå at avfall blir danna, bør ein nytte seg av bruktmarknaden der ein kan - bytte, kjøpe og selje møblar, klede, sko og utstyr. Vi ser ein aukande trend her, og det er også blitt enklare å bytte, kjøpe og selje brukte varer på internettsider og sosiale medier. No kan ein også finne bruktskattar hos SSR på gjenbrukstorget i Saunesmarka.

Ein kan også tenkje kreativt når det gjeld korleis ein nyttar ting; noko som ikkje lengre kan nyttast til sitt opprinnelege formål, kan kanskje gjere nytte for seg som noko anna. Ombruk og redesign er stadig meir populært og ein kan finne mykje inspirasjon i bøker, magasin, bloggar og idésidear på internett.

Når det gjeld ombruk, er det private aktørar som jobbar med dette. UFF, Fretex og Fileks har plassert ut containerar som tek imot klede og sko. Vi har også fleire bruktbuikkar i kommunane som tek imot brukte fine ting som kan seljast vidare.

Under ser du ein illustrasjon av fordelinga av avfallet som SSR samlar inn med utgangspunkt i avfallshierarkiet.

Samanheng mellom hushaldningavfall og behandlingsmåtar

MATERIAL-GJENVINNING

53,2 %
Inkludert 2,4 % ombruk

2017: 4906 tonn
2016: 5525 tonn

ENERGI-GJENVINNING

44,9 %

2017: 4135 tonn
2016: 4317 tonn

Avfallsreduksjon:
- 887 tonn
(9 218 tonn i 2017 mot 10 105 tonn i 2016)

1,9 %

2017: 177 tonn
2016: 97 tonn

DEPONI

EIGARMELDING 2017

1. BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIGARMELDINGA

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast som orientering for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

2. OPPFØLGING AV MÅL FOR 2017

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2016 - 2019, er

«Framtidsretta og lokalmiljøbedrift - nær brukarane».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine.

SSR skal tilby renovasjonstenester som møter miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.

Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. I tillegg skal selskapet oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv drift.

God kundetilfredsheit og godt omdømme er viktig for SSR. Selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar også i 2017. Vi ser at det er eit forbettringspotensiale på dette området, og det vil selskapet aktivt arbeide med å realisere.

Arbeidet vidare blir mellom anna å formidle kunnskap om selskapet sine målsettingar på miljøområdet, kva som skjer med avfallet som blir samla inn og samanhangen mellom servicenivå og prisnivå.

2.2 Resultatmål miljø

Basert på dette er det definert offensive resultatmål innanfor følgjande område:

- Energigjenvinningsgrad og materialgjenvinningsgrad.
- Deponeringsgrad og mengde farleg avfall pr. innbyggjar.
- Avfallsreduksjon og kundetilfredsheit.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom målretta arbeid med konkrete tiltak.

Forts. s. 20

2.3 Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2013	2014	2015	2016	Mål 2017	2017	Mål 2018	Mål 2019	Mål 2020
A* Total mengde hushaldningsavfall	10 560 tonn	10 581 tonn	10 494 tonn	10 105 tonn	10 400 tonn	9 218 tonn	10 700 tonn	10 900 tonn	10 900 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	3800 tonn	3800 tonn	4000 tonn	3812 tonn	3745 tonn	3760 tonn	3500 tonn	3000 tonn	2500 tonn
C* Energigjenvinningsgrad	37,25 %	37,31 %	40,21 %	42,72 %	35 %	44,9 %	35 %	33 %	30 %
D* Materialgjenvinningsgrad	61,99 %	61,80 %	57,25 %	54,68 %	64 %	50,8 %	55 %	60 %	65 %
E* Ombruk i % / tonn	-	-	1,51/158	1,64/166	-	2,4 %/225	-	-	-
F* Til deponi	0,76 %	0,89 %	1,03 %	0,96 %	1 %	1,9 %	2 %	2 %	2 %
G* Farleg avfall / spesialavfall pr. innb.	5 kg	5,1 kg	5,06 kg	7,40 kg	8 kg	10,72 kg	11 kg	12 kg	13 kg
H* Grein- og hageavfall	3200 tonn	2800 tonn	2300 tonn	1970 tonn	2300 tonn	1200 tonn	2400 tonn	2300 tonn	2300 tonn
I* Avfall pr. innbyggjar	422 kg	423 kg	418 kg	404 kg	420 kg	366 kg	410 kg	405 kg	400 kg

A* = Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, jfr. punkt I, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.
B* = Lvert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).
C* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.

D* = Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av mengda frå energigjenvinninga går til materialgjenvinning. Eksempel på dette er metall.
E* = Ombruk (gjeld sko og klede).
F* = Til deponi (av total mengde hushaldningsavfall). Det langsiktige målet er å halde seg under 1 %, men prosentsatsen vil vere avhengig av total mengde hushaldningsavfall og velstand.

G* = Farleg avfall / spesialavfall pr. innbyggjar har miljømålet å samle inn mest muleg. Går både til materialgjenvinning og til energigjenvinning.
H* = Grein- og hageavfall (som går til materialgjenvinning) er spesielt nemnt p.g.a. at denne fraksjonen påverkar materialgjenvinningsgradane ganske mykje.
I* = Avfall pr. innbyggjar i kilo. Heng saman med avfallsreduksjon, jfr. avfallshierarkiet.

Måltal for kundetilfredsheit:

2012	2013	2014	2015	2016	Mål 2017	2017	Mål 2018	Mål 2019	Mål 2020
62 %	67 %	66 %	70 %	73 %	75 %	73 %	75 %	79 %	81 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.



Visste du at plastemballasje kan gjennvinnast heile ti gongar og ha like god kvalitet?

Informasjonskampanjen «Bortkasta» i 2017 viste gode resultat med ein auke på to kilo kjeldesortert plastemballasje per person frå året før. Ein SSR-abonnett sorterer no 9,34 kilo plastemballasje per år.

Det er ikkje bortkasta!

2.4 Oppsummering måloppnåing

SSR er talmessig tilfredse med at vi i 2017 fekk ein avfallsreduksjon totalt på knapt 900 tonn og at kilo avfall pr. innbyggjar gjekk ned frå 404 til 366 kg. Ein avfallsreduksjon på rundt 9 % er eit høgt tal. Avfallsreduksjon er det øvste, og viktigaste, steget i avfallshierarkiet. Men desse tala kjem diverre ikkje godt nok fram i tabellen i avsnitt 2.3. Men mesteparten av nedgangen kjem av redusert mengde hageavfall og denne fraksjonen vil nok ta seg opp på normalt nivå igjen i 2018, og då vil avfallsmengda pr. innbyggjar gå opp igjen.

SSR er også relativt tilfredse med resultatet innanfor det som går på deponi. Men selskapet har enno mykje å hente på det som går på materialgjenvinning. Viktigaste tiltaket for å auke grada av dette er nok utsortering av matavfall (våtorganisk avfall) som startar opp i 2018 og at enkelte andre fraksjonar kan gå til materialgjenvinning i staden for energigjenvinning.

Mengda greinavfall er også ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada vår, men volumendringane gjer også at ein får store utslag på måleparameterna kvart år. T.d. vart mengda greinavfall redusert med nesten 800 tonn i 2017 i forhold til 2016. Dette kjem av marknadsmessige forhold og vil normalisere seg igjen i 2018.

Grada av kundetilfredsheit stoppa opp i 2017 i forhold til 2016, men dette vonar vi skal ta seg opp att i 2018.

Styret vil vurdere nye måltal på eit strategimøte sommaren 2018.

3. SPESIELLE FORHOLD I 2017

3.1 Driftsåret 2017

2017 har økonomisk vore eit greitt og driftsmessig eit godt år for SSR. Selskapet har fått redusert sjølvkostfondet på hushaldning, men det gir fortsatt selskapet handlefriheit. Eit solid fundament er viktig med tanke på framtida – med mellom anna avskrivningar på investeringar i nye miljøstasjonar, lengre opningstider og endringar i henteordningar. Vi ser at driftskostnadene på miljøstasjonane har auka i takt med dette, og kanskje meir enn planlagt, men innbyggjarane ser ut til å sette pris på det nye tilbodet dei blir presentert.

4. PLANLAGDE ENDRINGAR

4.1 Nytt hovudanlegg for selskapet og nye miljøstasjonar

Vi har no fått anlegg som er tilpassa den nye miljøkvardagen, der siste delen av utbygginga av anlegget er ferdig hausten 2018. I 2018 startar vi også med innføringa av den nye hentefraksjonen matavfall (våtorganisk avfall), som kan starte når denne utbygginga er slutført.

4.2 Kommunikasjon og utadretta arbeid

Kommunikasjonsarbeidet har særskilt høg prioritering og dette vil halde fram vidare. Stikkord er synlegheit, proaktivitet og vidareutvikling av elektronisk kommunikasjon.

4.3 Diverse forhold

Ryddeaksjonar, ruter for innhenting av grovavfall og samarbeid med grendalag, velforeiningar og eigarkommunane blir stadig vurdert. Dette må også sjåast i samanheng med det generelle servicenivået og selskapet sin visjon: «Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane». Elles er det viktig å streke under at service- og tenestnivået heng tett saman med prisnivået og desse må heile tida sjåast i samanheng.

I 2017 var det auka aktivitet og stor merksemd rundt den nasjonale Strandryddedagen og eit høgare engasjement hos frivillige enn tidlegare. Dette gir grunnlag for å halde fram med vidare satsing på strandrydding, då mange fleire abonnentar enn før engasjerer seg i eit stadig meir synleg miljøproblem. SSR er ein viktig fasilitator for dette miljøarbeidet, der selskapet satsar hardt både på kommunikasjon og på gode praktiske løysingar for strandrydding og andre aktuelle ryddeaksjonar og kampanjar.

Eit anna viktig element er henteordningar kontra bringeordningar. Tendensar på landsbasis kan tyde på at det blir fleire fraksjonar med henting heime hos abonnentane. Selskapet følgjer også nøye med på utviklinga her. Det same gjeld område som biogass, noko som vil krevje større regionale løysingar. Elles er nedgravde løysingar ein stor suksess i området vårt.

Det blir også kontinuerlig jobba med å finne nedstrømsløysingar som gir dei beste løysingane med tanke på kostnadseffektivitet og miljø. Ein del av dette kan kanskje utviklast saman med andre selskap i same bransje.

5. DIALOG MED EIGARANE

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter

Representantskapet

Det er halde 2 møter i representantskapet i 2017. Leiar i representantskapet i 2017 har vore Knut Erik Engh, ordførar i Ulstein kommune. Styreleiar har løpande kontakt med leiar av representantskapet i viktige saker.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte – så vel som frå styret.

Kommunene sine klimaplaner

I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for veien vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslistar. Vi har også kome langt i innsamlinga av plastemballasje. Andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon, returpunkt og nedgravde løysingar (som minkar transportbehovet).

6. VERKSEMDA I ÅRA SOM KJEM

«Det grønne skiftet», saman med omgrepet «sirkulær økonomi», antyder ei retning for framtida.

Utfordringa med stadig aukande CO₂-utslepp og mangel på viktige ressursar som fosfor er ikkje ny, men omgrepet «det grønne skiftet» har vore med på å ramme inn diskusjonen om klima- og energispørsmål og gitt ny giv i den miljøpolitiske debatten. «Det grønne skiftet» handlar både om reduksjon i klimautslepp og betre ressursutnytting. Omgrepet omfattar også ein verdiskapingsdimensjon med fokus på sysselsetting og velferd gjennom ny miljøvenleg teknologi. «Det grønne skiftet» er kort fortalt ein vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare. Som eit stort miljøsekskap i regionen, er dette høgaktuelt i forhold til selskapet sitt framtidige tenestetilbod og ikkje minst kva selskapet kommuniserer. SSR vil bidra til at

omgrepet «det grønne skiftet» blir omsett i praksis gjennom små og store grep med fokus på avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk, redesign og auka materialgjenvinningsgrad – i tillegg til strandrydding o.l.

I den sirkulære økonomien har EU – og dermed Norge – sett eit mål om å kome opp i 65 % materialgjenvinning / ombruk før år 2030. Dette gjeld foreløpig kun hushaldningane. Delmåla er 50 % i 2020 og 60 % i 2025.

Dette vil krevje stor grad av omstillingsevne og økonomisk rygggrad hos selskapet – og ikkje minst til brukarane si atferd og haldningar. Men vi har god tru på at vi skal klare desse hovudmåla. Politiske signal kan tyde på at næringsavfallet etter kvart også blir inkludert, då dette avfallet utgjør rundt 75 % av den totale avfallsmengda i Norge. Matavfall / våtorganisk avfall som henteordning blir ein ny fraksjon for oss og oppstarten blir hausten 2018, der alle skal vere innfasa sommaren 2019.

Kommunikasjon vil fortsatt ha høgaste prioritet i åra som kjem. Eit trekk er at tradisjonelle kanalar ser ut til å bli mindre og mindre aktuelle som informasjonskanalar for abonnentane våre. Meir informasjon bør ut elektronisk (sms, renovasjonsapp) og / eller via selskapet sine nettsider – i tillegg til at tømekalendaren fortsatt er populær som informasjonskanal. Aktivitet på sosiale medier ser også ut til å halde fram med å vere aktuelt.

7. SSR SITT KLIMAREKNESKAP FOR 2017

Totalt 10859,6 tonn avfall (inkluderer ikkje 41 tonn på heimekompostering eller 23 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre). 25192 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. 4 kvartal 2017.

Tabell: Totalt utslepp og besparelsar i SSR 2017. Tala inkluderer både hushaldning og næring.

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)	Utslepp pr. tonn avfall (tonn CO ₂ / tonn avfall)	Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)
Utslepp frå transport	580	0,058	23
Utslepp frå forbrenning	3 671	0,368	146
Besparelse frå forbrenning	-2 487	-0,249	-99
Besparelse frå gjenvinning	-8 002	-0,801	-318
Total besparelse	-6 237	-0,625	-248

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2017 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Håkon Vestnes, nestleiar
Gro Anita Engh, styremedlem
(fram til 24. mai 2017)
Edel Kvalsund Goksøy, styremedlem
Margaret Leinebø, styremedlem
Truls Håbakk, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
(etter 24. mai 2017)
Ole Andreas Sæther, styremedlem,
valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 6 styremøter og 46 saker er behandla i 2017.

2. VERKSEMUDA OG OPPSUMMERING

Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Denne verksemda blir gjennomført til sjølvkost, og overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Sjølvkostfondet har minka gjennom resultatet for 2017. I tillegg har sjølvkostfondet fått bokført for mykje renter i tidlegare år, og dette er no korrigerert i rekneskapet. Reduksjonen utgjer kr 5.505.000. Storleiken på sjølvkostfondet er ved årsskiftet kroner 10.112.000. Dette fondet skal over tid godskrivast abonnentane. Selskapet står godt rusta til å gjennomføre dei store investeringane dei komande åra som skal sikre kundane effektive og miljømessige tenester. Desse investeringane er særleg knytt til avslutting av miljøstasjonsutbyggingane og nye fraksjonar / løysingar.

Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarande verksemd mot næringslivet, der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål.

Styret er tilfredse med drifta i 2017.

3. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei 4 eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2017. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg, og som oppfyller kommunane sine plikter knytt til hushaldningsavfall etter forureiningslova.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

SSR sin visjon er «Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane». I strategisk plan frå 2015 er det fastsett strategiske mål for realisering av eigarstrategien. Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Det omfattar mottak, sortering og gjenvinning av avfall.
- Selskapet skal forvalte enkle og kvalitetsmessige tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere eigarane sine miljømål og klimaplaner ved at verksemda er basert på avfallsførebygging i høve til avfallshierarkiet.
- Selskapet skal realisere eit brukarvennleg avfallssystem.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom

kommunikasjon skal vere ein tydeleg haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar også i 2017. Gjennom selskapet sin kommunikasjonsstrategi, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kor hen avfallet hamnar – i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall.

«Det grønne skiftet» og sirkulær økonomi er omgrep som blir stadig meir aktuelle for korleis selskapet både skal arbeide og kommunisere. Avfall er ein ressurs som det er viktig å halde i kretsløpet gjennom ombruk, til bioenergi eller til materialgjenvinning, i staden for bruk og kast-mentaliteten som har vore vanleg i den lineære økonomien. I tillegg er det ei målsetting å hindre at avfall blir skapt, noko som er utfordrande i eit velstandssamfunn. Det blir også stadig viktigare å nytte fornybare ressursar i staden for dei som er ikkje-fornybare.

Med bakgrunn i dette vil selskapet i løpet av 2018 revidere selskapet sin strategiske plan.

5. SELSKAPET SI VERKSEMD I 2017

I dei 4 eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, vel 11 000 privatabonnentar, 33 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunktene har fleire glasigloar) og 4 miljøstasjonar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, transport og avsetning av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetning av næringsavfall i avgrensa omfang.

Selskapet driv denne verksemda primært fordi denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel. I tillegg er det viktig å nemne at ein del av næringsverksemda er selskapet lovpålagd å utføre.

Styret har også i 2017 vidareført arbeidet med å forbetre og trygge selskapet si kjerneverksemd.

6. FØRESETNAD FOR VIDARE DRIFT

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapen for 2017 er satt opp under denne føresetnaden.

Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning.

7. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2017 vel 32 årsverk. Dette er fordelt på 30 fast tilsette og vel to årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

8. YTRE MILJØ OG MILJØRAPPORTERING

Selskapet sysselsette i 2017 vel 32 årsverk. Dette er fordelt på 30 fast tilsette og vel to årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR har i 2017 kjøpt bedriftshelsetenester hos Stamina Helse AS. Desse har vore involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod – i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet. Frå 1. januar 2018 er Medi 3 ny leverandør av bedriftshelsetenester.

Totalt sjukefråver utgjer 5,27 % (7,23 % i 2016). 1,86 % (2,03 % i 2016) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 3,41 % (5,27 % i 2016). SSR har i 2017 ikkje hatt alvorlege

personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, men vil likevel følgje utviklinga nøye.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det praktiserast lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 7 tilsette i administrasjonen er 4 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen.

Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

8. YTRE MILJØ OG MILJØRAPPORTERING

Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet.

Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Det vil, når det er praktisk muleg, bli vurdert å nytte biogass på selskapet sine køyrety.

Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om. Selskapet har også i 2017 sendt ut sorteringskalendar for 2018. Denne skal medverke både til betre kjeldesortering og som viktig informasjon til abonnentane.

9. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptrår ansvarleg innanfor område som arbeidsgvarpolitikk, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak, samt arbeidstakarrettigheter og antikorupsjon. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like mulegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høg etisk bevisstheit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping føregår hos leverandørane våre. Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og mislegheiter, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle beslutningar gjerast på grunnlag av best muleg ressursbruk.

Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

10. KUNDEFOKUS OG BRUKARVENNLEGHET

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast muleg for innbygarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege valg.

Tenestetilbodet i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbygarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Selskapet vil i løpet av 2018 starte innhenting av våtorganisk avfall som eigen fraksjon. Undersøkingar syner at slike forbetringar i tenestetilbodet kan bidra til auka sortering og dermed betre miljøgevinst.

I desember 2016 vart miljøstasjonen på Mjølstadneset opna, og miljøstasjonen på Eidet hadde sitt første heile driftsår i 2016. I 2017 opna dei nye miljøstasjonane i Saunesmarka og i Myklebustmyrane.

I 2018 skal det eksisterande området i Saunesmarka vere ferdig ombygd. Styret forventar at dette vil bidra til endå betre kjeldesortering, og der i gjennom også oppnå ein miljøgevinst.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndigheitene sin politikk, legg selskapet opp til aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande. Kjeldesorteringsskalendaren på papir vil over tid bli avvikla og erstatta med web og mobiltelefonbaserte løysingar. Ei enkel papirbasert oversikt vil bli tilbode til brukarar som ikkje nyttar de elektroniske løysingane.

I kundedialogen blir det lagt stor vekt på å få fram budskapen om kva avfallet blir til og kva miljøgevinst gjenvinning har.

11. ÅRSREKNESKAP OG FINANSIELL RISIKO

Sum driftsinntekter utgjer kr 47.641.669. Driftsinntektene utgjer gebyr som vert betalt av den enkelte abonnent i dei fire eigarkommunane - det utgjer kr 36.898.000 på hushaldningsdelen. Inntekt frå næringsverksemda utgjer kr 7.056.000 og kr 3.693.000 kjem frå slamtøming. Overskotet for den reine næringsverksemda etter årets skattekostnad utgjorde kr 176.722,-. Overskotet for næringsverksemda vert føreslått avsett til annan eigenkapital saman med føretatte rentjusteringar og tilbakeføring av feilførte renter, med til saman kr 3.004.708. Overskotet frå slamtøming i 2017 er på kr 26.000 og dette går inn i eit eige sjølvkostfond for Ulstein og Hareid.

Før rentebereikningar, justeringar og overføringar er årsrekneskapet for 2017 gjort opp med eit driftsresultat på minus kr 1.683.434,- og eit årsresultat etter finans og skatt på minus kr 2.500.292,-. Resultatet er noko svakare enn budsjett. Dette skuldast hovudsakleg ekstraordinære av- og nedskrivningar.

Resultatet for hushaldningsrekneskapet på renovasjon syner eit underskot på kr 3.318.000. I tillegg er sjølvkostfondet korrigert for tidlegare års feilføring av renter. Storleiken på sjølvkostfondet er då

i løpet av 2017 redusert med kr 5.505.000. Med fjorårets underskot og korrigerings har ein pr. 31.12.2017 eit sjølvkostfond i pluss med kr 10.112.000. Det vil seie at innbyggarane i dei fire kommunane hadde dette til gode. Sitat frå årsmeldinga i fjor: «Selskapet er i ei fase med store investeringar, m.a. i nye miljøstasjonar. I samsvar med vedtatt økonomiplan er det lagt opp til ein reduksjon av dette fondet.».

Selskapet har tilfredsstillande likviditet når ein tar omsyn til selskapet si samla verksemd. Styret vil sikre selskapet relevant finansiering av vedtatte investeringsplanar.

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet.

Det er heller ikkje kome inn forhold etter årsskiftet som har betydning for bedøminga av årsrekneskapet for 2017.

Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

12. FRAMTIDSUTSIKTER

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventningar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å

synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Styret vil også i 2018 prioritere tiltak som gir auka kundetilfredsheit og betre omdøme.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og anna utadretta arbeid.

Selskapet vil i 2018 stå overfor siste innspurten i bygginga av nye miljøstasjonar og i tillegg innføre innhenting av matavfall / våtorganisk avfall. Dette vil stille store krav til prosjektstyring og kostnadseffektivitet. Styret meiner at selskapet både kompetansemessig og kapitalmessig står godt rusta til å gjennomføre dette på ein tilfredsstillande måte.

13. EIGARSTYRING OG LEIING AV SELSKAPET

SSR forvaltar og driftar ei lovpålagt verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i lita grad kan påverke.

Selskapet sin organisasjon og leiging vert i dag vurdert som tilfredsstillende sett opp mot selskapet si verksemd.

14. ARBEIDSÅRET 2017

Styret vil rette ein takk til selskapet sine medarbeidarar. 2017 har, i periodar, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og fordi verksemda berører mange.

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2017	Budsjett 2017	2016
Salsinntekt		47 456 291,00	48 257 000,00	46 793 573,00
Anna driftsinntekt		185 378,00	77 000,00	115 368,00
Sum driftsinntekter		47 641 669,00	48 334 000,00	46 908 941,00
Varekostnad		9 910 910,00	11 860 000,00	10 363 494,00
Lønskostnad	2, 3	19 533 119,00	18 878 000,00	17 772 352,00
Ordinær avskrivning	5	4 271 916,00	3 581 000,00	3 449 660,00
Nedskrivning	5	884 427,00	0,00	0,00
Annan driftskostnad	2, 6	14 724 731,00	11 723 000,00	10 862 590,00
Sum driftskostnader		49 325 103,00	46 042 000,00	42 448 096,00
Driftsresultat		-1 683 434,00	2 292 000,00	4 460 846,00
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		581 892,00	425 000,00	864 895,00
Anna finansinntekt		0,00	4 000,00	0,00
Anna rentekostnad		1 348 989,00	1 985 000,00	1 044 929,00
Resultat av finanspostar	14	-767 098,00	-1 556 000,00	-180 033,00
Ordinært resultat før skattekostnad		-2 450 532,00	736 000,00	4 280 812,00
Skattekostnad på ordinært resultat	8	49 760,00	0,00	261 236,00
Årsresultat	10, 11	-2 500 292,00	736 000,00	4 019 576,00
Overføring				
Avsett til dekning av tidlegare udekt tap		0,00	0,00	95 647,00
Avsett til/frå sjølvkostfond		-5 505 000,00	0,00	2 897 000,00
Avsett til annan eigenkapital		3 004 708,00	0,00	1 026 929,00
Sum overføringar	10, 11	-2 500 292,00	0,00	4 019 576,00

Ulsteinvik, 22. mars 2018


George Fullford
styreleiar


Håkon Vestnes
nestleiar


Edel Kvalsund Goksøy
styremedlem


Ole Andreas Sæther
styremedlem


Margarete Leinestad
styremedlem


Joris Håbakk
styremedlem


Anne Holstad
styremedlem


Einar Heimdal
dagleg leiar

BALANSE

EIGEDELAR	Note	2017	2016
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedeler			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	75 617 708,00	40 004 456,00
Maskinar og anlegg	5	10 374 226,00	10 979 372,00
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar	5	1 410 360,00	1 098 079,00
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		549 980,00	495 582,00
Sum anleggsmiddel		87 952 273,00	52 577 489,00
Omløpsmiddel			
Varelager			
Omløpsmiddel			
Kundefordringar		2 041 530,00	4 116 323,00
Opptent inntekt		182 000,00	956 000,00
Andre kortsiktige fordringar		2 436 452,00	3 772 264,00
Investeringar			
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskott, kontantar og liknande	4	28 354 033,00	47 477 255,00
Sum omløpsmiddel		33 014 015,00	56 321 842,00
Sum egedelar		120 966 288,00	108 899 331,00
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		4 031 637,00	1 026 929,00
Sum eigenkapital	11, 12	4 031 637,00	1 026 929,00
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	9	185 414,00	146 063,00
Øvrig langsiktig gjeld			
Pantelån	7, 13	97 243 740,00	79 253 810,00
Sum anna langsiktig gjeld		97 429 154,00	79 399 873,00
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 901 427,00	7 684 532,00
Betalbar skatt	8	49 760,00	261 236,00
Skyldige offentlege avgifter		1 453 865,00	1 370 735,00
Sjølvkostfond	10	10 138 000,00	15 643 000,00
Anna kortsiktig gjeld	10	2 962 447,00	3 513 026,00
Sum kortsiktig gjeld		19 505 498,00	28 472 529,00
Sum gjeld		116 934 651,00	107 872 402,00
Sum eigenkapital og gjeld		120 966 288,00	108 899 331,00

Ulsteinvik, den
Styret i Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS


George Harold Fullford
Styreleiar


Håkon Vestnes
Nestleiar


Edel Kvalsund Goleberg
Styremedlem


Ole Andreas Sæther
Styremedlem


Margareth Leinebo
Styremedlem


Eldar Heimdal
Dagleg leiar


Truls Røyset Håbakk
Styremedlem


Anne Holstad
Styremedlem

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2017

EIGEDELAR	2017	2016
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	-2 450 532	4 280 812
Periodens betalbare skatt	-261 236	-90 188
Ordinære avskrivningar	4 271 916	3 449 660
Nedskrivning anleggsmiddel	884 427	-
Endring kundefordringar og opptente inntekter	2 848 793	-2 911 942
Endring leverandørgjeld	-2 783 105	4 821 314
Endring i andre tidsavgrensingspostar	907 712	-882 974
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	3 417 975	8 666 682
Kontantstrøm fra investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-40 476 729	-22 765 190
Utbetaling ved kjøp av aksjar og andelar	-54 398	-48 447
Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitetar	-40 531 127	-22 813 637
Kontantstrømmar fra finansieringsaktivitetar		
Utbetaling avdrag på langsiktig gjeld	-2 010 070	-756 340
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	20 000 000	43 000 000
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitetar	17 989 930	42 243 660
Netto endring i kontantar og kontantekv.	-19 123 222	28 096 705
Beholdning av kontantar og kontantekv. 1.1.	47 477 255	19 380 550
Beholdning av kontantar og kontantekv. 31.12	28 354 033	47 477 255

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reknekapsslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsføres i takt med utføringa.

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseføres og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid.

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsauget. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Kundefordringar og andre fordringar oppføres til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettoppensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsføres løpande.

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden.

Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framføres innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Rekneskapsprinsippa er for øvrig nærare omtalt i tilhøyrande notar til dei enkelte rekneskapspostane.

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.

Lønskostnadar		2017	2016
Løn		14 628 316	13 559 442
Arbeidsgivaravgift		2 459 344	2 224 848
Pensjonskostnadar		1 885 087	1 416 226
Andre lønsrelaterte ytingar		560 372	571 836
Sum		19 533 119	17 772 352
Antall årsverk sysselsatt		31	29
Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	894 484		
Pensjonskostnadar	18 233		
Andre godtgjersler	10 428	263 389	23 275
Sum	923 145	263 389	23 275
Godtgjersle til revisor er fordelt på fylgjande måte:			
Lovpålagd revisjon		60 000	
Utarbeiding av årsoppgjør		15 000	
Utarbeiding av ligningspapirer		10 000	
Attestasjonstenester		5 000	
Andre tenester utanfor revisjonen		86 000	
Sum (ekskl. mva)		176 000	

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet er forplikta til å ha pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lov. Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 31 aktive personar og 15 pensjonistar pr 31.12.2017. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringselskap.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2017	2016
Årets pensjonskostnad	1 885 087	1 416 226
Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar		
Berekna pensjonsforpliktingar pr 31.12.	26 609 030	23 505 345
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) pr 31.12	-19 962 547	-17 624 211
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-3 444 767	-2 906 323
Arbeidsgivaravgift	937 154	829 240
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	4 138 870	3 804 051

De aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 BUNDNE MIDLAR

Av bankinnskott vedrører kr. 781 774,- innskott på skattetrekkkonto.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLAR - FINANSIERING

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskost 1.1	46 764 423	22 262 140	10 555 613	79 582 176
Tilgang kjøpte driftmidlar	43 677 856	1 708 397	733 481	46 119 734
Avgang til anskaffingskost	-	-	-	-
Anskaffingskost 31.12	90 442 279	23 970 537	11 289 094	125 701 910
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	-13 318 622	-12 505 217	-7 960 386	-33 784 225
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	-1 505 949	-1 091 094	-1 918 350	-4 515 393
Bokført verdi pr. 31.12.	75 617 708	10 374 226	1 410 360	87 402 294
Årets avskrivningar	2 478 229	1 372 485	421 201	4 271 915
Årets nedskrivningar	-	884 427	-	884 427
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	
Langsiktig finansiering pr. 01.01.				79 253 810
Opptak nye langsiktige lån				20 000 000
Betalte avdrag i år				-2 010 070
Langsiktig finansiering pr. 31.12.				97 243 740

NOTE 6 LEIGE DRIFTSMIDLAR

Løpande leasingavtaler på vesentlege driftsmiddel pr 31.12.:

Type	Avtala inngått	Avtala utgår	Årets kostnad
Scania lastebil UF 53466	mar.12	mar.17	304 418
Scania lastebil UF 53467	mar.12	mar.17	304 418
Volvo lastebil UF 69870	des.15	des.20	353 573
Volvo lastebil UF 69932	des.15	mar.21	354 833
Volvo krokbiil UF 70559	mar.16	mar.21	398 251
Scania lastebil UF 74479	jan.17	jan.22	338 868
Scania lastebil UF 74781	jan.17	jan.22	340 384
Gravemaskin	apr.17	apr.22	279 894
Sum			2 674 640

Det er ikkje forskuddsleige for nokon av leigeobjekta.

NOTE 7 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfell meir enn 5 år etter rekningsårets slutt:

	2017	2016
Gjeld til kredittinstitusjonar	80 924 740	67 051 000
Sum	80 924 740	67 051 000

NOTE 8 SKATTAR

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.

Selskapet har ingen midlertidige forskjeller pr 31.12.17.

Nedanfor er det gitt ein spesifikasjon over forskjellen mellom det rekneskapsmessige resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2017	2016
Resultat næringsverksemd før skattekostnad	226 482	1 127 639
Permanente forskjellar	-19 150	-82 694
Årets skattegrunnlag før underskot til framføring	207 332	1 044 945
Anvendning av skattemessig underskot	-	-
Årets skattegrunnlag	207 332	1 044 945

Skattekostnaden i rekneskapet består av følgende poster:

	2017	2016
Betalbar skatt	49 760	261 236
Årets skattekostnad	49 760	261 236

NOTE 9 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI

Selskapet har i henhold til Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15, forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Selskapet har økonomisk verksemd på deponiområdet, denne verksemda er ikkje på sjølve deponiet, men kun på deponiområdet. Verksemda omfattar ein del verksemd knytta til handtering av rejevatn frå slamtøming og handtering av hage- og greinavfall for kommunane Hareid og Ulstein. Inntektene frå denne verksemda, saman med tidlegare avsetning, er pr. 31.12. kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet fram til 2039. Det kan vere naturleg å føreta ein etterkalkulasjon om nokre år.

	2017	2016
Avsetning frå tidlegare år	146 063	57 260
Medgåtte kostnader i året	-50 649	-111 197
Auka avsetning i året	90 000	200 000
Avsetning 31.12.	185 414	146 063

NOTE 10 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvcostfondet pr. 31.12.2017 er positivt med kr. 10.112.000,-. Ved berekning av sjølvcostfondet er inntekter og kostnader i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvcostfond slam	Sjølvcostfond hush.avfall	Sjølvcostfond totalt
Sjølvcostfond 01.01.	-	15 643 000	15 643 000
Årets endring i sjølvcostfond			
Korrigerings feil tidligare år		-2 213 000	-2 213 000
Årets resultat overført til sjølvcostfond	26 000	-3 318 000	-3 292 000
Sjølvcostfond 31.12.	26 000	10 112 000	10 138 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvcostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjer pr 31.12. kr. 4 958,- (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvcostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 11 EIGENKAPITAL

	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.	1 026 929	1 026 929
Årets endring i eigenkapital		
Årets resultat etter overføring sjølvcostfond	3 004 708	3 004 708
Eigenkapital 31.12.	4 031 637	4 031 637

NOTE 12 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling pr. 31.12.:

Deltakar	Eigarandel	Stemmeandel
Herøy kommune	36,16 %	36,36 %
Ulstein kommune	32,41 %	27,27 %
Hareid kommune	20,71 %	18,18 %
Sande kommune	10,72 %	18,18 %
Totalt	100,00 %	100,00 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

Representantskapet utgjer 11 medlemmar, 2 frå Hareid, 4 frå Herøy, 3 frå Ulstein og 2 frå Sande. I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

NOTE 14 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar seg ikkje av finansielle instrumenter med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.



BDO AS
Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon omfattar årsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den andre informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den andre informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for naudsynt internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av vidare drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.



- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Budsjettala for 2017 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

Ulsteinvik 26. mars 2018
BDO AS


Einar Giljarnus Løkken
Statsautorisert revisor



Saman tek vi vare på ressursane



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Smårisevadet 20, N-6065 Ulsteinvik / Org.nr: NO 987 570 970 MVA // firmapost@reinhaldsverket.no / Telefon: 70 00 70 50 / reinhaldsverket.no